

Fra: Merethe Tvedt <Merethe.Tvedt@meland.kommune.no>
Sendt: tirsdag 19. februar 2019 09:55
Til: Paul Valheim Skarsvåg
Emne: 19/3429 Varsel om motsegn Fv. 245 Fosse - Moldekleiv, med oppgradering av Fossekrysset - Offentleg ettersyn og høyring - Meland kommune
Vedlegg: Fråsegn til Fv. 245 Fosse - Moldekleiv, med oppgradering av Fossekrysset - Offentleg ettersyn o(559956207).pdf; AcosSvarInn.xml.pdf

Sjå vedlegg

MELAND KOMMUNE
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Dato: 15.02.2019
Vår ref.: 2017/13521-23
Saksbehandlar: larklem
Dykkar ref.: 16/2869 - 18/26191

Fråsegn til Fv. 245 Fosse - Moldekleiv, med oppgradering av Fossekrysset - Offentleg ettersyn og høyring - Meland kommune

Vi viser til brev datert 02.01.2019 om høyring av forslag til detaljregulering for Fv. 245 Fosse – Moldekleiv. Hovudføremålet i planen er å auke framkomme og tryggleiken for alle trafikantar på dette strekket. Planforslaget er i hovudsak i samsvar med kommuneplan, forutan nokre område som er LNF. Kommunen vurderte i oppstartsmeldinga at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til oppstartmeldinga i brev av 29.06.2017.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettsidene våre: www.hordaland.no/plan/startpakke.

Vurdering

Kulturminne og kulturmiljø

Automatisk freda kulturminne og kulturmiljø

Me viser til tildegare korrespondanse i saka deriblant vårt brev datert 30.11.2017.

Innafor planområdet er det registert ein automatisk freda lokalitet med Askeladden id. 151124. I plankartet er den automatisk freda lokaliteten vist med feil geometri, og feil kode omsynssone H570_2. Sjølv det automatisk freda kulturminnet, med tilhøyrande sikringssone, skal merkast med omsynssone d, sosi-kode H730 i plankartet, jf. pbl § 11-8. Området vist som o_LNA må utvidast i nord og plangrensa må utvidast i aust for å sikre det automatisk freda kulturminnet i sin heilhet. Heile område vist som o_LNA skal visast i plankartet som omsynssone H570_2. Figur 1 viser forslag til grense for omsynssone H570_2 og utviing av plangrensa i aust.

Område vist som o_LNA er tenkt brukt som anlegg- og riggområde, vist som #1 og stipla linjer i plankartet. Anlegg- og riggområde kan ikkje kombinerast i eit område som er bandlagt etter kulturminnelova eller innanfor omsynssone bevaring kulturmiljø, då det er i direkte konflikt med automatisk freda kulturminne, og i strid med § 3 i kulturminnelova.

For å ivareta kulturminneinteresser på ein god måte må følgjande endrast i plankartet:

- Automatisk freda kulturminne, inkludert 5 meters sikringssone, Askeladden id. 151124, skal markerast som omsynssone d, sosi-kode H730, området skal ha rutenettskravur, jf. pbl § 11-8.
- Område vist som o_LNA må utvidas i nord og plangrensa må utvidast i aust slik at heile det automatisk freda kulturminnet, med tilhøyrande omsynssone blir inkludert (sjå foreslått utviding vist i figur 1).
- Omsynssone H570_2 må utvidast slik at den omfattar heile området o_LNF, inkludert utviding i nord og aust (sjå figur 1).
- Anlegg- og riggområde innanfor område vist som o_LNA, må takast ut av plankartet.

Det må knytast konkrete føresegn til område definert som H730 og H570_2:

- Under nytt føresegn «Bandlegging etter lov om kulturminne (H730)» skal det setjast inn følgjande tekst:

«Omsynssone H730 er automatisk freda kulturminne frå steinalder, Askeladden id. 151124, som er bandlagt etter kulturminnelova. Ein må ikkje setje i gang tiltak som kan skade, øydelegge, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme det automatisk freda kulturminne, eller framkalle fare for at dette kan skje».

- Under føresegn punkt 7.3 omsyn kulturmiljø (H570) må følgjande tekst innarbeidast:

«I omsynssone H570_2 ligg det eit automatisk freda kulturminne som er bandlagt etter kulturminnelova. Det automatisk freda kulturminnet er eit aktivitetsområde frå steinalder og har Askeladden id. nr. 151124. Ein må ikkje setje i gang tiltak som kan skade, øydelegge, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme det automatisk freda kulturminnet, eller framkalle fare for at dette kan skje. Alle tiltak innanfor sona skal godkjennast av kulturminnemynde».

Askeladden-ID 151548-1 må også inkluderast med eigne føresegn (sjå under nyare tids kulturminne).

Det er knytt varsel om motsegn til kulepunkta.



Figur. 1

Nyare tids kulturminne

I vårt fråsegn til varsel om oppstart av detaljreguleringsplanen datert 18.08. 2017 skreiv vi mellom anna det er kjend fleire SEFRAK-registrerte bygg i planområdet, mellom anna ei løe på Sunde/Littlebergen og ein jordkjellar på Moldekleiv, begge frå før 1850, som ligg tett att med eksisterande fylkesveg. Vidare skreiv vi at det måtte vurdertast om nokre av kulturminna bør få ei omsynssone H570, der ein sikrar kulturmiljø og einskilde kulturminne knytt opp mot landskap.

I fylkeskommunens rapport om kulturhistoriske registreringar i delar av planområdet, sendt til Meland kommune 30.11. 2017, er det for nyare tids kulturminne skildra ein potetkjellar på gbnr 26/23, samt to ruinar på gbnr. 25/14 som sannsynlegvis kan knytast til eit kvernhus. Den eine ruinen er registrert i Askeladden med ID 151548-1, den andre ruinen er registrert i SEFRAK som nr. 1256-020-5087.

I plankartet for reguleringsplanen er det lagt omsynssone H570_1 rundt potetkjellaren på gbnr. 26/23. I planomtalen står det på side 79 at det er knytt omsynssone til to potetkjellarar; ein på Sundet – det vil seie på gbnr. 26/3 - og ein på Midtsundet. Planomtalen skildrar på side 55 ein jordkjellar på garden Stølen på Moldekleiv. Denne meldepliktige jordkjellaren ligg på gbnr. 27/25 og har SEFRAK-nr. 1256-0203-047. Vi går ut frå at det er denne som det blir sikta til på side 79 i planomtalen, men kan i plankartet ikkje sjå at det er lagt inn omsynssone H570 for denne. Dette må rettast opp i plankartet.

I ein e-post av 24.01. 2019 frå Statens vegvesen blir det opplyst at potetkjellaren på gbnr. 27/5 skal ligge utafor plangrensa, og at den i kartfestinga av SEFRAK-registreringa er plassert nærare dagens fylkesveg

enn det den er i røynda. Vi ber om at formuleringa på side 79 i planomtalen blir justert dersom det ikkje skal vere omsynssone H570 rundt denne potetkjellaren. Dersom potetkjellaren ligg nær anlegg- og riggområdet, ber vi om at det blir lagt inn omsynssone H570 med tilhøyrande føresegn.

På gbnr. 26/1 og 26/5 ligg «Storaløa», SEFRAK 1256-0203-002 og 1256-0203-001, som tidlegare hang saman som eitt bygg, men som no ligg som to separate bygningar med ein veg i mellom. Den midterste delen vart på 1900-talet flytta austover mot sundet (SEFRAK 1256-0203-022.). Bygningen på gbnr. 26/5 er markert som ruin/fjerna i SEFRAK, er i følgje planomtalen av nyare dato, men med opphavleg grunnmur, og ligg rett utanfor planområdet. Bygningen på gbnr. 26/1 er meldepliktig, og ligg innafør anlegg- og riggområdet. Hordaland fylkeskommune ber om at bygningen på gbnr. 26/1 vert trekt ut av riggområdet, og at det blir lagt inn omsynssone H570 rundt begge bygningane, med tilhøyrande føresegn for omsynssona. I følgje planomtalen blir ingen kulturminne ved Littlebergen direkte råka av tiltaket, men vi ser at det såkalla «Spionhuset» på gbnr. 26/16, SEFRAK- 1256-0203-016, har anlegg- og riggområde på kvar side. Vi rår til at det blir lagt inn omsynssone H570 her, med tilhøyrande føresegn.

Når det gjeld kulturminne som grensar til planområdet, ber vi om at dei blir integrert i planen, slik at kulturminne som no er lagt utanfor planen blir fanga opp. Det er viktig at planen ivaretek alle kulturminneinteressene som ligg i tilknytning til planområdet.

Merknader til reguleringsføresegnene

I § 2.2 under § 2 Felles føresegner står det:

«Om ein under anleggsarbeidet skulle avdekke ukjende kulturminne, skal arbeidet stoppast med ein gong, og rette mynde kontaktast, jamfør undersøkingsplikta i Kulturminnelova § 9.2.»

Hordaland fylkeskommune ber om at ein under § 2.2 òg tek med følgjande formulering:

«Det skal takast særskilt omsyn til SEFRAK-registrerte bygg, som angjeve i planomtalen i kap. om Kulturmiljø og kulturminne, i samband med anleggsgjennomføringa.»

I § 7.3 under § 7 Omsynssoner står det:

«Anlegget skal utformast med estetiske kvalitetar som høver til omliggande kulturmiljø.»

Denne formuleringa må endrast, slik at kulturminna og kulturmiljøa blir sikra. Dei ein-skilde omsynssonene må nemnast spesifikt (det gjeld òg for omsynssone H570_2 i plankartet, mellom anna rundt ruinen med Askeladden-ID 151548-1), og det må førast opp føresegn for kvar ein-skilde omsynssone. For omsynssone H570_1 kan det til dømes stå mellom anna:

«Her kan det ikkje utførast noko arealinngrep som kan skade, øydelegge, grave ut, flytte, forandre, dekkje til, skjule eller på anna vis utilbørleg skjemme potetkjellaren, eller framkalle fare for at det skjer.»

Samferdsel

Planen vert utarbeid av Statens vegvesen og er ein del av prosjekta i Nordhordlandspakken. Det har vore dialog med samferdselsavdelinga/Skyss undervegs i planprosessen og vi registrerer at tidlegare innspel er ivareteke. Det må merkast at utbetring av den totale vegstrekninga ikkje er fullfinansiert, og difor er oppdeling i delprosjekt aktuelt.

Konklusjon

Hordaland fylkeskommune har vesentlege merknader til planen og vurderer å fremje motsegn i høve kulturminne av vesentleg regional og nasjonal verdi. Ein ber om at plankart og fråsegn bli oppdatert i samsvar med våre merknader (kulepunkt) tilknytt automatisk freda kulturminne og kulturmiljø. Me ber om at ein tek direkte kontakt med Fylkeskonservatoren for å komme til løysing.

Et eventuelt motsegn skal handsamast politisk og vil krevje lengre sakshandsamingstid.

Eva Katrine R. Taule
fagleiar kommunal plan

saksbehandlar
Lars Petter Klem

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Saksbehandlar:

Lars Petter Klem, Seksjon for plan - REG AVD, REGIONALAVDELINGA

Helene Moe, Fylkeskonservatoren

Sigrun Wølstad, Fylkeskonservatoren

Gunhild Raddum, Transportplanseksjonen, Samferdselsavdelinga

Postboks 7900

Hordaland fylkeskommune
Bergen
5020

Postboks 79

5906
FREKHAUG
MELAND KOMMUNE

933952711

cc1a82dc-152a-4415-9465-d6732ed5723c

Varsel om motsegn Fv. 245 Fosse - Moldekleiv, med oppgradering av Fossekrysset - Offentleg ettersyn og høyring - Meland kommune
1550233123184
2019-02-15T13:18:43

13521
2017
2019
15536
0
U
F

Varsel om motsegn Fv. 245 Fosse - Moldekleiv, med oppgradering av Fossekrysset - Offentleg ettersyn og høyring - Meland kommune
Lars Petter Klem

0
0

Klar for mottak
3

Fråsegn til Fv. 245 Fosse - Moldekleiv, med oppgradering av Fossekrysset - Offentleg ettersyn og høyring - Meland kommune.pdf
application/pdf
869fbd6ed784f92b9cf75d1c551e628a7c295aafbdb4b6e5373ca768fc41cea6

2176748

AcosSvarInn.xml
text/xml

Postboks 7900

5020
Bergen
Hordaland fylkeskommune

938626367

25ca9939-f71c-419f-b30c-3bf82fb95367

<https://svarut.ks.no/tjenester/svarinn/forsendelse/cc1a82dc-152a-4415-9465-d6732ed5723c>